



Denne klatten ved Djupehølen er den einaste asfaltering som har funne stad på Døssslansio på mange år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nok ein gladnyhet frå Statens Vegvesen: Det blir asfaltering av dei 2365 metrane frå krysset ved Kapteinsgården og opp til krysset ved Haugland i år.

Biten, som i årevis har vore i ein mistrøstig forfatning, har kome med på asfalteringsprogrammet. Det inneheld 12 parsellar på tilsaman 16,7 kilometer.

Det er lenge sidan det vart gjort noko med vegen over Døssslansio. Det einaste som er skjedd i dei seinare åra er ein mindre reparasjon for 2 år sidan ved Djupehølen, der vegen var i ferd med å gli ut.

Det førebels dekkeprogrammet har vore ute på tilbod og det har kome inn tilbod frå NCC Roads, Mesta og Lemmikäinen Norge. Materialet vil no bli gjennomgått og så sendt over til tilbodsneimda før påske. Tildelinga av entreprisane kan truleg skje midt i mai. Det verkar som det er oppnådd bra prisar og difor kan det bli aktuelt å asfaltera litt fleire enn dei 12 parsellane, opplysar Kvinnheringen.

Den lengste av dei er dei nesten 5 kilometrane frå Melkevik til Landa og her kan det bli aktuelt å leggja dekket dei siste 750 metrane til krysset mot Tofte. På vårekantar er det ikkje fleire parsellar med i programmet.

Av Ola Matti Mathisen